



Landbruks- og matdepartementet
Teatergaten 9 (R6)
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo 1

26. oktober 2014

Høringsuttale frå Fylkesmannen i Hordaland til forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Merknader frå Norsk villsaulag (NVL).

Vi syner til ovanfor nemnde høringsuttale frå Fylkesmannen i Hordaland datert 29.09.2014. Brevet har ei subjektiv og detaljfokusert form som verkar forstyrrende for sakleg og fagleg fokus og tyngde og har lite av dokumenterbart og talfesta grunnlag for konklusjonar og tilrådingar. Som nærings- og interesseorganisasjon for dei som har villsaudrift etter utegangartradisjon, finn Norsk villsaulag det naudsynt med merknader til to emne i Fylkesmannen i Hordaland sin uttale:

1. Definisjon av «vanleg jordbruksproduksjon»

Saudrift har 4-5000 år gamle tradisjonar i vårt land, og sau og geit var dei første husdyra hos oss. Den nordeuropeiske korthalesauen med sine lokalt tilpassa variantar var einerådande og var saman med kystgeita den som meir enn nokon andre forma ut kystkulturlandskapet vi kjenner i dag og i nær fortid. Villsaudrift var i ferd med å forsvinne på midten av førre hundreåret, men har solide tradisjonar i vårt land som i fleire andre land i Vest-Europa. Etter eit vendepunkt på 1950-talet med siste rest av tradisjonane nettopp i Hordaland, har interessa for gammalnorsk sau (villsau) auka sterkt langs heile kysten. Norsk villsaulag (NVL) rekna i 2010 med meir enn 40.000 villsau-søyer i Norge (Villsauboka av Hilde Buer). Det er grunn til å tru at talet er markert høgare i dag. Med 4-5 % av talet på søyer i Norge, og samanlikna med «saueland» som Færøyane (70.000 søyer) og Island (450.000 søyer), må villsaudrift i dag kunne definerast som «vanleg jordbruksproduksjon» og definitivt slik i kystdistrikta der villsaudrift høyrer heime. Det burde også Fylkesmannen i Hordaland erkjenne. Innan villsaudrift som i jordbruket elles har det vore lagt vekt på bevisstgjerjing av biologisk/økologisk og agronomisk kunnskap for å kunne forstå og utvikle drifta best mogleg. Som anna husdyrdrift er denne driftsforma underlagt regelverk for å sikre eit dyrehald innafor dyre-etiske rammer (dyrevelferd) og at slakteprodukta vert handsama og kontrollerte etter helsemessige og ernæringsmessige krav og omsyn. Som nærings- og interesseorganisasjon arbeider NVL for å bevisstgjere og spreie kunnskap til medlemmer og andre med villsaudrift, og til styresmakter og folk flest. Ikkje minst er målsetjinga å kunne utvikle eit samarbeid med styresmaktene slik at vår form for husdyrproduksjon skal vere mest mogeleg kunnskapsbasert og i samsvar med krav, rammer og mål for husdyrdrift i ein heilskap. Då må også styresmaktene vere med på å legge til rette for at driftsforma skal kunne få same vilkår som anna husdyr- og jordbruksproduksjon.

**Norsk Villsaulag - 7273 NORDDYRØY - Org.nr.: 8991999952 - Kontonr.: 3628.07.15446 -
post@villsau.no**

www.villsau.no



2. Produksjon og produktivitet for sauerasen gammalnorsk sau («villsau»)

Fylkesmannen i Hordaland set som hovudmål at husdyrproduksjon skal vere kvantitetsretta. I vårt land er dominerande rase, norsk kvit sau (NKS), utvikla til dette føremålet og er ein rase som krev omfattande tilrettelegging av miljøet, både eksternt og internt, for å gje godt resultat. Mange andre sauerasar er utvikla med same målsetjing. Gammalnorsk sau (villsau), som andre liknande rasar, er utvikla, eller rettare har utvikla seg på ein radikalt annan måte. I tusenår gammal tradisjon er det dei naturgjevne vilkåra som har forma sauene slik han er i dag: Ein sauerae karakterisert av heller små dyr som er i stand til å nyttiggjere seg beiteressursar som ikkje andre husdyr, med unnatak av kystgeit, kan utnytte på tilsvarande måte. Likt med viltlevande klauvdyrartar på våre breiddegradar er dei i stand til å bygge opp feittreservar nok gjennom sommarhalvåret til å bufre mindre næringsrikt beite i vinterhalvåret utan at det normalt vert kritisk for dyret, heller ikkje for drektige hodyr. Ein to-lags ullfell gjev god isolasjon og vern mot vér og vind. Åtferdsmessige tilpassingar sikrar mat og livd i vegetasjon og terreng, slik kravet er for løyve til sauehald utan tilgang på husdyr-rom, kalla «utedrift» etter småféforskrifta § 18. Driftsforma krev skjerpa tilsynsrutinar i vinterhalvåret og eit lager av tilleggsfôr, når/om vertilhøva hindrar tilgang på naturgjevne beite. Villsaudrift, på same måte som fjøsdrift, legg kontinuerleg ansvar på eigarar/drivarar for å sjå til at dyra får tilfredstilt sine livsbehov. Den radikale skilnaden ligg i at medan fjøsdrift krev bygningar, hausting og lagring av fôr, og manuell eller maskinell foring gjennom haust, vinter og vår, er hovudprinsippet for villsaudrift at dyra sjølve gjennom heile året haustar av naturgjeven mat og lagrar reservar i eigen kropp, alt gjennom terrengkjennskap og åtferdsmønster som taklar vêr og vind. For eigarar/drivarar er kravet å ha gode tilsynsrutinar og å ha disponibelt tilleggsfôr, og å kunne ta hand om dyr i tilfelle sjukdom eller skade.

Som definitivt norsk nasjonal husdyrrase er gammalnorsk sau (villsau) i dag registrert som ikkje truga, saman med norsk kvit sau og spelsau. Dette viser at rasen må definerast som «vanleg jordbruksproduksjon», og det er resultat av målmedvite redningsarbeid for rasen frå 1950-talet. Situasjonen då var slik at han etter dagens kriterier ville ha vorte plassert som kritisk truga nasjonal husdyrrase. Etter kvart som villsauen har auka i tal, har det vore eit målmedvite arbeid for å legge til rette for at rasen skulle kunne nyttast innfor det potensialet han har, basert i all hovudsak på beiting av naturgjevne ressursar. I tillegg til slakt er det etter kvart aukande produksjon av pels-garva skinn og målmedvite arbeid for å kunne nytte villsau-ull, der røytt og nappa ull kan gje variantar av ullprodukt som ikkje let seg produsere av andre ulltypar. Slik har det vore råd å auke omsetjingverdien av produkt frå det einskilde individet. Med store beiteareal tilgjengelege i kystlyngheiar og brakklagde innmarker og i samarbeid med slakterinæringa har det vore råd å systematisere overføring av lam til tidleg slakt påfølgjande seinsommar/tidleg haust og på den måten gje nisje- og kvalitetsprodukt ved hjelp av villsau på ein kostnadseffektiv måte. Slik har det vore mogleg å utvide og utvikle bruk av ein rase som har vore nedvurdert tidlegare, slik Fylkesmannen i Hordaland på nytt gjer i sitt høyringsbrev. Men ein jordbruksproduksjon må også rekne med alle produkta produksjonen gjev og som er med på å oppfylle politiske og kulturelle målsetjingar og plusspoeng. For villsaudrift gjeld dette såleis ikkje berre kjøtproduksjon, men blant anna ei rekkje miljømessige gevinstar i form av restaurering eller vedlikehald av kystlynghei og brakklagde innmarker og å hindre atgroing av landskapet i tillegg.



Det er naudsynt å gå i møte måten Fylkesmannen i Hordaland argumenterer på. I staden for å ta utgangspunkt i formuleringar som «det er ikkje unormalt» og «det er vanleg» må det vere eit rimeleg krav at Fylkesmannen som representant for statleg forvaltning, tek utgangspunkt i tilgjengeleg statistikk og det som er dokumenterbart. Slik kunnskap er å finne hos dei som praktiserer villsaudirft og hos vår organisasjon, og burde og vere tilgjengeleg innafor det vi pliktar å rapportere til styresmaktene. Då ville ein kunne sjå at under optimale vilkår kan maksimumsvekt av årslam gå opp i meir enn 20 kg. Samstundes er variasjonsbreidda og potensialet så stort at også slaktelam på 8 kg oppnår klassifisering på O eller betre. I praksis er det nok ikkje direkte «unormalt» at lammeslakt også av NKS kan gå under 10 kg, men då neppe kombinert med tilsvarande klassifisering. Når det gjeld vektkrav på «tilskotslam», må det vere rimeleg å krevje at Fylkesmannen kjenner til og legg til grunn den vurdering som allereie er forskriftsfesta i FOR-2010-11-04-1402 (villsauforskrifta pkt. 3: «Godkjend slaktevekt for lam skal vere mellom 8 og 16 kg, og på vaksne dyr mellom 9 og 16 kg»). «Vanleg» produksjon hos gammalnorsk sau er 1,3-1,5 lam i besetningar med overvekt av fullvaksne søyer, og det er «ikkje uvanleg» med snitt på 1,7-1,8 i besetningar på gunstige beiteområde og med dominans av eldre søyer. Samstundes er rasen så godt som fri for lammingsvanskar og laktasjonstilknytte problem og produserer godt også opp i relativt høg alder. Dette er faktorar som må reknast med dersom ein skal vurdere rasen opp mot andre rasar, ikkje minst høgtytande rasar som NKS, som er sårbar for lammingsvanskar og problem knytt til mjølkeproduksjon. Som nemnt tidlegare må det vere summen av alle produkt av sauedrifta som må leggest til grunn for verdivurdering, inkludert det som gjeld miljømessige og landskapsmessige effektar. Viktig er det og at villsaudirft er godt i samsvar med det som har lang tradisjon i vårt land, særleg i kystdistrikta, det å skape seg eit livsgrunnlag gjennom ein kombinasjon av mange næringsaktivitetar. Men då er det avgjerande at styresmaktene er med på å legge til rette for at også villsaudirft får same vilkår som andre driftsformer i jordbruket. Det er all grunn til å minne om at det er og har vore ei sjølvstendig målsetjing å ta vare på gammalnorsk sau (villsau) som genuin og eigen norsk rase, nasjonalt men også som eit internasjonalt ansvar. Vi går ut frå at landbruks- og matdepartementet er sitt ansvar fullt medvite på dette feltet og syter for å instruere underliggende etatar om dette, her under fylkesmennene med sine landbruks- og miljøvernavingdelingar.

For Norsk villsaulag

Alv Ottar Folkestad
Styremedlem/sakshandsamar

Helge Stranden
leiar

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmennene i resten av landet